

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatile Lilletvedt		15/76

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
027/2015	Formannskapet	PS	09.04.2015

Godkjenning av møtebok

Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Saksopplysningar:

Formannskapet - 027/2015

FOR - behandling:

I møtet ba Gisle Heimly om at det skulle takast inn ein protokolltilførsel til møteboka frå møte den 17.03.2015 vedkomande sak 025/2015. Etter Gisle Heimly sitt syn kom EØS regelverket ikkje til anvendelse i denne saka. Det vart ikkje framlagt noko forslag til merknad i møte.

Etter avtale med ordførar er følgjande merknad, motteke pr. epost den 9.4.15 etter møteslutt, ført inn nedanfor i møteboka.

I formannskapet den 9/4-14 under sak 027/2015 "Godkjenning av møtebok " ønskes flg. tatt inn i protokollen."I sak 025/2015 "025/2015 "Rehabilitering av nærbutikk Coop Øvre Helland -søknad om tilskot frå næringsfondet" er det i vedtaket formulert flg: " EØS-regelverket – opplysningsplikt.Tildeling av tilskotet vert gjort i samsvar med reglane for bagatellmessig stønad. Ved eventuelle nye søknader om offentlig stønad (uansett stønadskjelde) har stønadsmottakar plikt til å opplyse om dette tilskotet. Opplysningsplikta gjeld i 3 år frå tilsegnstidspunktet."Det ble da kommentert fra undertegnede i sak 025//2015 at vedtaket om støtte til Coop Øvre Helland ikke kommer inn under reglene om bagatellmessig støtte ih.t. EØS-regelverket. EØS avtalens artikkel 61 første ledd betegner bagatellmessig støtte som støtte av statsmidler i enhver form som vrir eller truer med å vri konkurransen ved å begunstige enkelteforetakeller produksjonen av enkelte varer, [skal] være uforenlig med denne avtales funksjon i den utstrekning støtten påvirker samhandelen mellom

avtalepartene/dep.veileder, se:

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/fad/vedlegg/konkurransopolitikk/offentlig-stotte/offentlig_stotte_veildere_2011.pdf, er dette problematisert fra side 28, f.f.. Med bakgrunn i dette har ikke støtten fra Næringsfondet/Modalen kommune til Coop Øvre Helland potensiale til å true med å vri konkurransen eller påvirke samhandelen innen EU. Følgelig er ikke støtten å betegne som gitt under reglene om bagatellmessig støtte i.h.t. EØS-regelverket. Undertegnede ser det som viktig at dette blir protokollert i forhold til event, senere søknader fra Coop Modalen. Det bør legges til at dette ble belyst også i forrige kommunestyreperiode"

FOR - vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre med merknad til saka 025/2015 frå Gisle Heimly.

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 17.03.2015